



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2013

## Kontrollutvalet



## Innhald

1	Innleiing .....	4
2	Samansetting av kontrollutvalet .....	4
2.1	Kontrollutvalet 2011 - 2015 .....	4
3	Kontrollutvalet sitt formål .....	5
4	Budsjett og rekneskap .....	5
5	Revisjon av fylkeskommunen .....	6
6	Sekretariat for kontrollutvalet .....	6
7	Kontrollutvalet si verksemd 2013 .....	6
7.1	Møteverksemd .....	6
7.2	Fylkestingsaker frå kontrollutvalet .....	7
7.3	Andre saker som kontrollutvalet handsama i 2013 .....	7
7.3.1	Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2013 .....	7
7.3.2	Revisorbrev 1/2012 – svar frå fylkesrådmannen .....	7
7.3.3	Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt .....	7
7.3.4	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2012 .....	9
7.3.5	Forvaltningsrevisjon – Tryggleik og beredskap .....	10
7.3.6	Kontrollutvalet - Budsjett 2014/Økonomiplan 2014 – 2017 .....	10
7.3.7	Framtidig opplegg for desisjonssaka .....	10
7.3.8	Forvaltningsrevisjon – Samhandling .....	10
7.3.9	Revisorbrev 01/2013 .....	10
7.3.10	Vurdering av uavhengigheit .....	11
7.3.11	Oppfølging av utvalet sitt arbeid .....	11
8	Andre forhold .....	11
9	Oppsummering .....	12

## 1 Innleiing

I 2013 var kontrollutvalet fokusert på å få gjennomført kontrollaktiviteter i tråd med fylkestinget sine forventningar. Finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er kontrollutvalet sine sentrale oppgåver.

Opplæring av utvalet har også vore i fokus gjennom dette året, og utvalet har teke del i eit felles opplæringsopplegg i lag med kontrollutvala i dei andre vestlandsfylka.

Kontrollutvalet sine medlemmar deltok i 2013 på konferansar arrangert av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er, i tillegg til å vere kompetansebyggingsarenaer, viktige møteplassar for kontrollutvalsmedlemmer der vi møter kollegaer frå heile landet.

## 2 Samansetting av kontrollutvalet

Kommunelova (KL) kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Fylkestinget har det øvste tilsynsansvaret med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr KL § 76. Fylkestinget vel eit kontrollutval til å føre det daglege tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 77.

### 2.1 Kontrollutvalet 2011 - 2015

For perioden 2011 – 2015 er det valt eit kontrollutval som er samansett slik:

Leiar:	Arve Mjømen (H)*
Nestleiar	Per Rune Vereide (Sp)
Medlemmar:	Kari Maria Rutle Fjærestad (Ap)
	Turid Vassliås Borgund (Frp)
	Kåre Jarl Langeland (V)

\*medlem i fylkestinget

Det vart ved fylkestingsvalet 2011 vedteke at kontrollutvalet skulle ha partivise varamedlemer.

Varamedlemer 2011 - 2015:

	<b>Høgre</b>	<b>Senterpartiet</b>	<b>Arbeiderpartiet</b>	<b>Framstegspartiet</b>	<b>Venstre</b>
1	Kari Vikane	Geir Helge Østerbø	Jan Inge Buene	Ørjan Tystad	Elisabeth Normann Leversund
2	Berit Seljeseth Osa	Marit Aafedt Fjærestad	Margunn Masdal	Björg Sølvi Refvik	Merete Kulset
3	Jostein R. Huneide	Iris Loftheim	Anne Marit Oppedal	Arve Glomnes	Jon Ove Lomheim

Merete Kulset er flytta ut av fylket, og er dermed ikkje lenger varamedlem i Kontrollutvalet for Venstre. Dette kom utvalet til vitande i starten av 2014, slik at Kulset står som varamedlem i 2013.

I det politiske organisasjonskartet er kontrollutvalet direkte underlagt fylkestinget. Dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre fylkeskommunale politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre fylkestinget som kan instruere kontrollutvalet.

### **3 Kontrollutvalet sitt formål**

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Utvalet skal også sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid bidra til at innbyggjarane og andre interessantar har tillit til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt fylkestinget sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre fylkestinget som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

Kontrollutvalet har eit overordna mål om at kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal bidra til å sikre fylkeskommunen ein best mogeleg forvaltning av ressursane, til føremon for fellesskapet og enkeltmennesket.

### **4 Budsjett og rekneskap**

Kontrollutvalet sitt reviderte budsjett for 2013 var på 4,434 mill. kroner, fordelt på kontrollutvalet, sekretariat og kjøp av revisjonstenester.

Budsjettoppfølging har vore utført per tertial.

Rekneskap for 2013 viser eit forbruk på 4,334 mill. kroner, som er eit mindreforbruk på 0,1 mill. kroner.

Mindreforbruket i stor grad forklarast ved lågare deltaking på kurs/konferanse enn budsjettet.

## 5 Revisjon av fylkeskommunen

Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med to revisjonsfirma. Finansiell revisjon og selskapskontroll vert utført av SF revisjon IKS. Dette er regulert i selskapsavtalen til SF revisjon IKS.

Til å gjennomføre forvaltningsrevisjon har fylkeskommunen rammeavtale med Deloitte AS. Avtale vart signert 10.6.2013 og gjeld i to år med opsjon for forlenging i ytterlegare to år.

## 6 Sekretariat for kontrollutvalet

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredsstillande sekretariatbistand. Sekretariatet har i 2013, som dei føregåande åra, bestått av ein person i heil stilling. Organisatorisk er sekretariatet (kontrollsjefen) direkte plassert under kontrollutvalet, og det medfører at kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvaret. Organiseringa sikrar uavhengigheit til den administrative leiinga av fylkeskommunen, som er gjenstand for kontroll og tilsyn av kontrollutvalet.

Det vart i 2013 inngått avtale med sekretariatet for kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune om ei gjensidig vikarordning ved eventuelt korttidsfråvær i dei to sekretariata.

## 7 Kontrollutvalet si verksemd 2013

### 7.1 Møteverksemd

I 2013 vart det gjennomført 8 møte i kontrollutvalet og utvalet handsama 53 saker. Seks av møta vart avvikla på fylkeshuset. Møta i kontrollutvalet var i 2013 gjennomført som opne møte.

Eit av møta var avvikla i Førde, Storehagen Atrium.

Eit møta vart avvikla i Kalvåg. I tillegg til ordinært kontrollutvalsmøte vart det gjennomført møte med ordførar i Bremanger kommune, Karl Vidar Førde.

I Kalvåg vart det også gjennomført møte med lokalt næringsliv, og representantar for kommunen. Møtet vart gjennomført saman med Hovudutval for Plan og næring.

Fylkesordførar, fylkesrådmann og revisorar får tilsendt møteinnkalling og alle sakspapir til møta i kontrollutvalet via OneNote. Sakspapir og møteprotokoll vert lagt ut på heimesida til fylkeskommunen. Dette gjeld ikkje for saker som er unnateke offentleg innsyn.

Leiar i kontrollutvalet er medlem av fylkestinget. Øvrige medlemmar av kontrollutvalet stiller på fylkestinget når kontrollutvalet sine saker vert handsama, og i 2013 var oppmøtet slik:

15. – 16. april	Vereide og Borgund
11. – 12. juni	Vereide og Borgund
15. oktober	Vereide, Fjærestad, Borgund og Langeland
10. – 11. desember	Vereide, Borgund og Langeland

Oppmøtet var slik på fylkestinga i 2012:

17. april	Vereide og Borgund
5. – 6. juni	Vereide og Borgund
16. oktober	Vereide, Fjærestad og Langeland
11. – 12. desember	Vereide, Borgund og Langeland

## 7.2 Fylkestingsaker frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet fremja sju saker til handsaming i fylkestinget i 2013. To av sakene var rapportar etter gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt:

- Forvaltningsrevisjon «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar» (FT-sak 27/13)
- Forvaltningsrevisjon 2012 – Innkjøp (FT-sak 28/13)

Kontrollutvalet fremja to saker etter gjennomførde eigarskapskontrollar i 2013:

- Eigarskapskontroll av Lutelandet Utvikling AS (KU-sak 2/13)
- Eigarskapskontroll av F1 Holding AS/Fjord1 AS (KU-sak 45/13)

Dei andre sakene som utvalet la fram for fylkestinget var val av ny forvaltningsrevisor, der fylkestinget vedtok å velje Deloitte AS som ny forvaltningsrevisor etter tilråding frå kontrollutvalet, desisjon av møtebøker for fylkesutvalet og hovudutvala, i tillegg til årsmelding for kontrollutvalet.

## 7.3 Andre saker som kontrollutvalet handsama i 2013

### 7.3.1 Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2013

Bestillingsdokumentet med bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll vart handsama og vedteke på kontrollutvalsmøte i KU- sak 1/13. Bestillingsdokumentet vart sendt til SF revisjon IKS.

### 7.3.2 Revisorbrev 1/2012 – svar frå fylkesrådmannen

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok 14.01.13 kopi av svarbrev frå fylkesrådmannen angående revisorbrev 1/2012. Sekretariatet i lag med SF revisjon IKS vurderte innhaldet i brevet frå fylkesrådmannen etter oppfølginga og kom fram til at feil og manglar som revisor peikte på i revisorbrevet var følgde opp. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 2/13 å ta brevet til vitande, og at vidare oppfølging av forholda skulle gjerast i samband med revisjon av rekneskapen 2012. Oppfølginga av revisorbrev 1/2012 var med det ferdig.

### 7.3.3 Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt

Ein del av oppfølgingspunkta i forvaltningsrevisjonsprosjekta er omfattande gjeremål som krev tid å få gjennomført. Det er kome på plass rutine for oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar mellom kontrollsjef og fylkesrådmann. Det er utarbeidd eit rekneark i samband med oppfølginga med oversikt over status på dei forskjellige prosjekta. Det er kontrollsjefen som er ansvarleg for oppdatering av reknearket, og det vert lagt fram for

kontrollutvalet to gonger i året. I framkant av handsaming i kontrollutvalet vert status gjennomgått med fylkesrådmannen. I tillegg er det fokus på oppfølging av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt som har vore gjennomført.

I 2013 handsama kontrollutvalet oppfølging av fem tidlegare gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt gjennom året.

#### ***7.3.3.1 Forvaltningsrevisjon 2011 – Næringsretta tiltak – oppfølging etter rapport motteke 20.12.12 og rapport datert 15.12.13***

Kontrollutvalet mottok notat (sluttrapport) frå fylkesrådmannen angående oppfølging av denne saka datert 27.11.12. Dette notatet handsama kontrollutvalet i møte 22.1.13 i KU-sak 4/13. Fylkesrådmannen peikar her på fleire av tilrådingane som er oppfølge. Det stod igjen nokre punkt som i følgje fylkesrådmannen ville bli ivaretekne gjennom oppstart av arbeid med ny verdiskapingsplan, og av kontinuerleg god dialog med næringsapparatet og andre interessentar innan næringsutvikling. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 4/13 å ta notatet til vitande, og be fylkesrådmannen orientere utvalet om resultatata av oppfølginga av prosjektet primo 2014.

Utvalet mottok rapport frå fylkesrådmannen datert 15.12.13. Denne rapporten handsama kontrollutvalet i møte 30.01.14. Rapporten viste at administrasjonen i stor grad hadde følgd opp tilrådingane frå revisor i rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon. Det kom fram i brevet frå fylkesrådmannen at tiltaka vil vere oppfølge når regional plan for verdiskaping vert vedteken i tillegg til å ha ein kontinuerleg god dialog med næringsapparatet og andre interessentar innan næringsutvikling. Kontrollutvalet vedtok å ta rapporten datert 15.12.13 frå fylkesrådmannen til vitande og kontrollutvalet ser på oppfølginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet som fullført.

#### ***7.3.3.2 Forvaltningsrevisjon 2010 – Individuelt tilpassa opplæring – oppfølging***

Kontrollutvalet mottok rapport frå fylkesrådmannen 7.2.2013 om oppfølging av denne saka. Rapporten viser at det er gjort omfattande oppfølgingsarbeid etter gjennomføringa av prosjektet. Dei fleste oppfølgingspunkta er oppfølge, og det er utarbeidd rettleiar til bruk i skulane når det gjeld arbeidet med tilpassa opplæring. Det er i tillegg utarbeidd brosjyrar til elevar og føresette, og tilpassa opplæring er tema i kvalitetshandboka. Fylkesrådmannen skreiv i rapporten datert 7.2.13 at arbeidet med to av tiltakspunkta skulle vidareførast i 2013. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 10/13 å be om ny rapport når dei to siste tiltaka var gjennomførde.

Ny rapport datert 10.11.2013 vart handsama av kontrollutvalet 26.11.2013 i KU-sak 44/13. Informasjonsbrosjyren til elevar og føresette var lagt ut på heimesida til fylkeskommunen, men vart fjerna etter ei lovendring som gjorde den uaktuell. Brosjyren vart erstatta av ny informasjon på heimesida som gjeld for skuleåret 2014 -2015.

Når det gjeld avtalane med kommunane vedr. PP-tenester vil desse ikkje verte ferdige reviderte før 2015, då avtalane har forskjellige slutt-tidpunkt. Avtalane vert revidert etter kvart som dei går ut.

Revisjon av Utviklingsplan for pedagogisk-psykologisk teneste vert i følgje rapporten frå fylkesrådmannen politisk handsama februar 2012 (Det har i skrivande stund kome tilbakemelding frå opplæringsavdelinga om at dette arbeidet er litt forseinka, men at planen skal opp til handsaming i løpet av mars 2014). Den nye lokale inntaksforskrifta, som også skulle handsamast i hovudutvalet for opplæring i februar er også blitt forseinka, og vil etter

planen bli politisk handsama hausten 2014. Ny informasjonsbrosjyre vert utarbeidd etter at den politiske handsaminga er ferdig.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i KU-sak 44/13:

1. *Kontrollutvalet tek rapporten frå fylkesrådmannen datert 10.11.2013 til vitande.*
2. *Kontrollutvalet registrerar at dei fleste av forslaga til tiltak i rapporten frå revisor er oppfølge. Det manglar ennå ferdigstilling på to tiltak, men kontrollutvalet registrerar at det ligg ein konkret plan for å få desse punkta ferdigstilt.*
3. *Kontrollutvalet ser på oppfølginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet som avslutta.*

#### **7.3.3.3 Forvaltningsrevisjon av Bygge- og eigedomstenesta**

Dette forvaltningsrevisjonsprosjektet vart gjennomført i 2007 og 2008. Fylkestinget tok i FT-sak 23/08 rapporten til etterretning, peika på konklusjonane og tilrådingane i rapporten og ba fylkesrådmannen avgjere tidspunkt for oppfølging i samråd med fylkesutvalet. Kontrollutvalet handsama 02.04.13 brev frå fylkesrådmannen datert 22.02.13 der status for prosjektet er tema. Fylkesrådmannen peiker her på at omorganiseringa av vaktmeistertenesta vil bli vurdert i løpet 2014. Det vert også i rapporten peikt på at spørsmål angående budsjetteringsprosessen er oppfylt ved at bygg- og eigedomssjefen frå og med 2009 vart fast medlem av budsjetteamet.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i KU-sak 15/13:

1. *Kontrollutvalet tek rapporten frå fylkesrådmannen datert 22.2.2013 til etterretning*
2. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om eit uttale om i kva grad «Fylkesrådmannen har avgjort tidspunkt for gjennomføring i samråd med fylkesutvalet».*
3. *Kontrollutvalet ber om ny rapport etter vurdering av omorganisering av vaktmeistertenesta innan utgangen av 2014.*

I møte med administrasjonen 24.10.13 fekk kontrollsjefen opplyst at pkt. 2 i kontrollutvalet sitt vedtak frå 02.04.13 skulle følgjast opp.

#### **7.3.3.4 Forvaltningsrevisjon - Kompetanseprofil - oppfølging**

Kontrollutvalet handsama 02.04.13 rapport frå fylkesrådmannen der det vert peika på grunnane for at oppfølginga tek lenger tid enn det som var planlagt. Fylkesrådmannen skreiv i rapporten at han ville bruke ressursar på arbeidet med utvikling og testing av eit kompetansebudsjett og kompetanserekneskap i eit pilotprosjekt i 2013. Det var på dette tidspunkt vanskeleg å seie noko om framdrifta av arbeidet. Utvalet vedtok å be om ny rapport innan utgangen av januar 2014 etter innspel frå fylkesrådmannen.

#### **7.3.3.5 Forvaltningsrevisjon - Energi og miljø - oppfølging**

Kontrollutvalet mottok rapport med oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet energi og miljø 13.02.13. Det er gjort eit omfattande arbeid med tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten, men det verkar ikkje som ein har kome heilt i mål med oppfølginga. Kontrollutvalet vedtok å be fylkesrådmannen om rapport etter at alle oppfølgingspunkta er gjennomførte innan utgangen av 2013.

#### **7.3.4 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2012**

Kontrollutvalet ga i KU-sak 20/13 uttale til fylkestinget om årsrekneskapen 2012 på grunnlag av avlagt årsrekneskap, årsrapport frå fylkesrådmannen og revisjonsmelding frå SF revisjon IKS.



Kontrollutvalet merka seg revisor sin kommentar i revisjonsmeldinga om vesentlege avvik i fleire prosjekt i investeringsrekneskapen rekneskapsskjema 2B. Kommentaren var med i kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2012.

### **7.3.5 Forvaltningsrevisjon – Tryggleik og beredskap**

Kontrollutvalet vedtok å bestille forvaltningsrevisjon Tryggleik og beredskap i KU-sak 24/13. Prosjektplan vart vedteken av utvalet i KU-sak 28/13. Kontrollutvalet ba i vedtaket av prosjektplanen om ferdigstilling av prosjektet innan 28.02.14.

### **7.3.6 Kontrollutvalet - Budsjett 2014/Økonomiplan 2014 – 2017**

Kontrollutvalet behandla i KU-sak 32/13 budsjett for 410 Kontrollutval, som består av kontrollutvalet, sekretariatet og kjøp av revisjonstenester. Framlegget til budsjett og økonomiplan vart sendt fylkesutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett.

### **7.3.7 Framtidig opplegg for desisjonssaka**

Kontrollutvalet har dei siste åra gjennomført desisjonssaka om møtebøkene årleg etter ein stikkprøvekontroll av vedtak og saker i fylkesutval og hovudutval. Stikkprøvekontrollen har hatt som formål å få gjennomført kontroll av:

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelt andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

I KU-sak 38/13 vedtok kontrollutvalet å gje kontrollsjef i oppdrag å gjennomføre stikkprøvekontrollar av møtebøkene med nødvendig innleidd kompetanse der det vert vurdert som nødvendig.

### **7.3.8 Forvaltningsrevisjon – Samhandling**

Forvaltningsrevisjonsprosjektet Samhandling vart vedteke bestilt i KU-sak 39/13. Prosjektplanen vart behandla i KU-sak 47/13, der kontrollutvalet vedtok å utsette saka. Prosjektplanen vart vedteken i KU-sak 2/14 med ferdigstillingsdato 30.06.14.

### **7.3.9 Revisorbrev 01/2013**

Kontrollutvalet mottok 18.09.13 revisorbrev 01/2013. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 43/13 å ta revisorbrevet til etterretning. I tillegg vedtok utvalet å be fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følge opp tilrådingar og oppmodingar i brevet.

Sekretariatet for kontrollutvalet mottok 28.10.13 kopi av brev frå fylkesrådmannen til SF revisjon IKS med oppfølging av Revisorbrev 01/2013. Kontrollsjefen fekk e-post frå SF revisjon IKS datert 12.11.13 med følgjande tekst:

*«Vi ser at fylkeskommunen har teke tak i dei manglande som vi omtalte i Revisorbrev 2013.*

*I samband med avsluttande revisjonshandlingar av årsrekneskapen for 2013 vil vi ved kontroll av vesentlege budsjettavvik og dokumentasjonen av balansen, sjå om tiltaka under pkt. 2 og 3 har hatt effekt. Dersom det er vesentlege budsjettavvik eller dokumentasjonen av balansen er mangelfull, vil vi uansett melde dette tilbake til kontrollutvalet.*

*Vi vil og følgja opp aktiveringane av vegane «Gullringen» og «Naustbukttunellen» i samband med årsoppgjersrevisjonen.»*

Kontrollsjefen vurderte innhald i svarbrevet frå fylkesrådmannen og revisor sine kommentarar og konkluderte med at feil og manglar i revisorbrev 01/2013 er følgt opp.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i KU-sak 48/13 i gjeldande sak:

1. Kontrollutvalet tek svarbrevet frå fylkesrådmannen til revisorbrev 01/2013 til etterretning.
2. Vidare oppfølging av revisorbrev 01/2013 vert gjort i samband med revisjon av årsrekneskapen 2013.
3. Kontrollutvalet ser på oppfølginga av revisorbrev 01/2013 som avslutta.

### **7.3.10 Vurdering av uavhengigheit**

Kontrollutvalet handsama uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS og Deloitte AS i sakene 50/12 og 51/12. Utvalet tok uavhengigheitserklæringane til etterretning.

### **7.3.11 Oppfølging av utvalet sitt arbeid**

Kontrollutvalet har i 2013 hatt ei fast sak om oppfølging av utvalet sitt arbeid. I denne saka får utvalet sine medlemmer ei oversikt over utvalet sitt pågåande arbeid med kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemda.

Utvalet handsama i 2013 sak om disponering av ramma som utvalet fekk tildelt i budsjettet.

I tillegg har utvalet ei fast sak med skriv, meldingar og orienteringar. I denne saka vert skriv som er aktuelle for utvalet lagt fram. Utvalet får i tillegg orienteringar frå eksempelvis fylkesrådmann, revisor eller andre som utvalet vil ha ei eller anna form for orientering frå. Leiar i utvalet og kontrollsjef har eigne orienteringspunkt i saka.

## **8 Andre forhold**

Kontrollutvalet vedtek eigen møte- og aktivitetsplan der aktivitetane til utvalet er tilpassa behov for tilsyn og kontroll og det budsjettet som utvalet får tildelt. Det er gjennomført prioritering av prosjekt til revisjon av fylkesvegrekneskapen, og utvalet har gjennom året innhenta opplysningar og stilt spørsmål til administrasjonen på fleire ulike område.

Det har også vore arbeidd med å få utvikla dei rutinar som er på plass mellom sentrale tilsynsorgan og tilsynet som kontrollutvalet er ansvarleg for. Dette arbeidet har resultert i at rutinar for kommunikasjon om tilsynsplanar har kome på plass, slik at unødig dobbeltarbeid kan unngåast.

Det vart i 2013 starta opp arbeid med å rullere planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for å sikre at planane er reelle i forhold til risiko- og vesentlegheit som fylkeskommunen står overfor i dag og i åra framover. Dette arbeidet vil resultere i politisk behandling eit revidert planverk i 2014.

I 2012 vart det gjennomført eit opplæringsprogram for kontrollutvalet. Eit av tiltaka i opplæringsprogrammet, fagtur til Oslo i lag med dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet, vart gjennomført våren 2013.

Utvalet sine medlemmar har i tillegg delteke på landomfattande konferansar i regi av Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og Norges Kommunerevisorforbund (NKRF).

## 9 Oppsummering

Kontrollutvalet legg vekt på å vere nyttige medspelarar for at fylkeskommunen skal nå sine mål. Kontrollutvalet legg også vekt på å bidra til å skape tillit til fylkeskommunen si verksemd. Kontroll og tilsyn er ikkje noko mål i seg sjølv, men eit middel for å nå dei oppsette måla.

Kontrollutvalet legg årsmeldinga fram for fylkestinget som rapport om utvalet sitt arbeid med tilsyn og kontroll av den fylkeskommunale verksemda.

Kontrollutvalet takker revisorar, administrasjon og politisk leing for samarbeidet i 2013.

### **Leikanger 27.05.14**

Arve Mjømen, leiar (s)

Per Rune Vereide, nestleiar (s)

Kari Maria Rutle Fjærestad (s)

Turid Vassliås Borgund (s)

Kåre Jarl Langeland (s)

Einar Ulla, kontrollsjef (s)



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 61 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Foto framside: Birthe Johanne Finstad/  
Sogn og Fjordane fylkeskommune